



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Miljøvernavingdelinga

Marine Harvest Industri AS - Søknad om endring av løyve etter forureiningslova for lakseslakteriet på Hundsnæs i Hjelmeland kommune – Utlegging til offentlig innsyn

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Marine Harvest Industri AS om endring av løyve etter forureiningslova §§ 11 og 18. Søknaden gjeld ei auke i lakseslakteriet sin produksjonsramme frå 48.000 til 95.000 tonn.

Verksemda er lokalisert på gnr.65, brn. 58 på Hundsnæs i Hjelmeland kommune.

Verksemda har utslepp av organiske stoff til resipienten i hjelmelandsfjorden via eigen utsleppsleidning. Det vil i eit eventuelt endra løyve verte sett krav om tiltak og fastsett grenseverdier for å avgrense utslepp til ytre miljø.

Søknadsdokumenta vert lagt ut til offentlig innsyn på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>

Moglege merknader til søknaden sendes til Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger eller fmropost@fylkesmannen.no innan **15.august 2014**.



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 23.06.2014

Vår ref.: 2014/6395

Arkivnr.: 461.3

Hjelmeland kommune
Vågen
4130 Hjelmeland

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Hjelmeland kommune - Søknad frå Marine Harvest Industri AS om endring av løyve til verksemd etter forureiningslova

Fylkesmannen ber Hjelmeland kommune om å leggje søknaden ut til offentleg innsyn og om å uttale seg i saka.

Fylkesmannen vil leggje ut ei kunngjering i avisene og på våre nettsider. I kunngjeringa står det at søknaden er lagt ut til offentleg innsyn på www.fylkesmannen.no/rogaland under "miljøvern" og "høyringar", samt på Hjelmeland kommune sin nettside.

Vi ber dykk også om å uttale dykk og sende eventuelle merknader til søknaden til Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger eller postmottak@fmro.no innan åtte veker.

Vi viser til den vedlagde søknaden og kunngjeringa. Kunngjeringa er sendt til Stavanger Aftenblad og Strandbuen der saka vil bli kunngjort ein av dei nærmaste dagane. Saka leggjast også ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettside. De kan også lese kunngjeringsteksten og laste ned saksdokumenta her: <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>

Hjelmeland kommune har på førespurnad opplyst at deira sakshandsaming er papirlaus. Dokumenta vert difor kun oversendt elektronisk. Vi ber kommunen leggje kunngjeringa og saksdokumenta ut til offentleg innsyn også på si eiga nettside. Saka skal liggje ute til offentleg innsyn i fem veker frå no av.

Fylkesmannen ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden.

Vi ber om opplysingar om lokale forhold som gjeld helse og miljø som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden. Særskilt ynskjer vi opplysingar om bedrifta sine utslepp kan føre til konflikter i forhold til naturmangfoldlova og mål for vassregionen. Vi ber også Hjelmeland kommune om å vurdere om søknaden kjem i konflikt med kommuneplan, reguleringsbestemningar eller reguleringsplanar. De bør elles opplyse om noverande og framtidige interesser i området, eller resipientforhold og naboforhold som de meiner er relevante for saka.

Det nye kapittelet 15 A i forskrift om avgrensing av forureining, gir kommunen utvida myndigheit til å stille krav som gjeld påslepp på offentleg nett. Vi ber kommunen vurdere dette dersom det er aktuelt med eit slikt påslepp.

Bakgrunn for søknaden

Fylkesmannen har nedafor gjort greie for bakgrunnen for søknaden, samt ei kort utgreiing av innhaldet i søknaden og merknader til denne:

Marine Harvest Industri AS (Ryfisk) har i dag eit løyve etter forureiningslova § 11 datert 29.11.2006 med ei produksjonsrame på 48.000 tonn per år. Verksemda søker om å få utvida produksjonsramen til 95.000 tonn sløyd laks.

Avfallet frå lakseslakteriet vert ført i røyr til søsterverksemda Marine Harvest Ingredients AS (Rygro) for tilverking av lakseprotein og lakseolje. Rygro har i dag eit løyve datert 8.6.1994. Dette løyvet er 20 år gammalt, og er lite relevant for dagens tilhøve og regelverk.

Avlaupsvatnet frå begge anlegga vert etter reinsing leida til resipient via felles utlaupsleidning. Reinseanlegg og utsleppsleidning vert drifta av Marine Harvest Industri AS.

Fylkesmannen har på bakgrunn av førebuande drøftingar med verksemda bedt Marine Harvest Industri AS om å sende ein samla søknad om endring av begge løyva. I og med Marine Harvest Ingredients AS (Rygro) under normale driftstilhøve ikkje har eigne utslepp til ytre miljø, ser Fylkesmannen det lite hensiktsmessig at dette anlegget fortsatt skal ha eige løyve etter forureiningslova.

Vi tek difor sikte på å samordne dei noverande løyva til eit løyve gitt til Marine Harvest Industri AS der grenseverdiene for utslepp av organiske stoff til sjøresipient i Hjelmelandsfjorden gjeld samla utslepp frå Marine Harvest sine landbaserte anlegg på Hundsnes via den felles utsleppsleidningen.

Uttalefrist

Av omsyn til saksbehandlinga, ber vi om at de uttalar dykk og sender oss eventuelle merknader til søknaden innan åtte veker etter at de har motteke dette brevet. Dersom kommunen på grunn av møteplanar eller andre tilhøve treng lengre frist for å uttala seg, ber Fylkesmannen kommunen om å gje tilbakemelding om dette.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass.fylkesmiljøvernssjef

Johan Tore Rødland
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Johan Tore Rødland
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 38
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Søknad om endring av løyve
2. Kunngjoringstekst aviser
3. Vedlegg til søknaden (17 enkeltdokument)

Kopi utan vedlegg til:
Marine Harvest Norway AS

Hundsnes 4130 HJELMELAND